

Fra: Oeystein Magnus Vaboe <oemavab@online.no>
Sendt: 13. oktober 2014 22:05
Til: Postmottak Lindås
Emne: Klage på reguleringsplan Fonnebost småbåthavn 2012/448,2013/670 og 14/1859
Vedlegg: ATT00001..htm; IMG_4113.JPG; IMG_4112.JPG; IMG_4111.JPG

Viser til kunngjering av godkjent reguleringsplan Fonnebost småbåthavn 30.09.2014 og vil herved klage på vedtaket.

Under kommunestyret si avstemming vart faktisk forslaget først nedstemt, men atter ein gong klarte krefter i kommunen og få ei ny avstemming som gjekk i den svært omsdride planen sin favør.

Den 2/4-2014 valgte PMU og senda vidare saksgang til ein settekommune, dette på grunn av tiltakshavar sin arbeidsplass som saksbehandlar i lanbruksavdelinga. Dette har no allikavel ikkje skjedd og eg veit at det vart heftige protestar frå tiltakshavar og hans overordna Tor Hegle, som og er einhetsleiar i areal og planavdelinga. Her er det tydelegvis viktigare å få saka godkjent enn å verta beskulda for innhabilitet. Saka har fleire avvik frå kommuneplanen.

Viser til mine to tidlige skriv ifm. 1.og 2. høringsrunde, men vil understreka at:

Dei to nye nausta er spreidd i planområdet og er tiltenk der det i dag er sjø.
Krever stor utfylling i strandsona.
Området er ikkje tiltenkt naust i kommuneplanen.

Bustad området Bk-5 er teikna inn over ei elv og ligg kloss i høgspenst. Og for å komma til leikeplass 2 må ein nær klatra over ein høgspensttransformator, verken denne eller elva er med i plankartet. Sjå vedlegg/bilder.

Vegvesnet sitt krav om utviding av veg (rekkefølgekrav) er ikkje tatt omsyn til.
Avkjørsler til begge byggeområder ligg midt i ein uoversiktleleg sving.

Fylkeskommune avslutta sitt innlegg ifm. høringsrunder at dei fraråda HEILE planen, dette er oversett og ikkje tatt omsyn til.

Tiltakshavar Vagleik Vabø anla i 2010 sak i jordkifteretten mot 3 naboer og påsto at han han som grunneigar hadde full bruksrett til privat veg i planområdet. Denne saka tapte han samt at halve badevika som er tatt med i planen, vart stadfesta tilhørande 106/13 Etter dom og og innbetaling i veg kan tiltakshavar nytta veg til båthavn med inntil 14 båtplassar og også gi vegrett til eventuelle nye fråskilde tomter. Men å auka trafikken i den grad det her er planlagt kan ikkje veglaget godta og det finnes gode alternative løysingar.

Parkering p-1 kan flyttast og lagas i lag med p-2 Tiltakshavar eig og området ved Fonnebostkaien, her kan ein lett utvida til parkering. Dette vil skjerma bade og friluftsområdet for skjemma trafikk.
Tiltakshavar kan og i heilhet nytta egen veg for å unngå trafikkauken på felles privat veg.

Trassear for vatn og avlaup i boligområdet er tiltenkt på anna manns grunn, som tydelig har gitt beskjed om att dette ikkje er aktuelt.

Det vert då her lagt opp til ekspropriering som kommunen er imot og det er heller ikkje teikna inn noka alternativ.

Oppstillingsplass for bubilar er tenkt kun få meter fra innkjørsel til privat eigendom, kunne verkeleg fleirtallet av kommunens politikarar tenkt seg dette ved eigen bustad?

Ber om at dei to oppstillingsplassane for bubilar ved privat veg 3 og 4 vert fjerna eller flytta til plass 1 og 2

Tiltakshavar som er ansatt på teknisk i kommunen har alt fått laga tomannsbolig av kårhus og sett opp ennda eit hus med to bueiningar i.

Han har fått gehør for innspel i kommuneplanen slik at den ulovlege brygga på 24 meter kan verta liggande.

Eg trur dette må vera meir enn nok for å spe på med leigeintekter på det vesle småbruket og ber derfor om at planen vert avslått.

Dei viktigaste argumenta mot planen er, trafikkauken som ikkje tar omsyn til mjuke trafikkantar eller dei som jobbar med landbruk i området.

Ber alle kommunens politikarar om å setja seg godt inn i saka og som folkevalgte la fleirtalet sine innspel vega tungt.

Mvh Øystein Vabø 106/13

Otto Vabø 106/151

Sonja Vabø 106/150

Ragnhild Vabø, fastbuande 106/150